



VEGFORUM ØST-VEST

Notodden, 2. januar 2017

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

PLANPROGRAM FOR E134 VÅGSLI – SELJESTAD HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VEGFORUM ØST-VEST

Generelle marknader.

I samband med at Statens vegvesen, Region vest, har lagt fram *Forslag til planprogram for konsekvensutgreiing (KU) for deponi og for reguleringsplan for E134 Vågsli – Seljestad* vil Vegforum Øst-Vest kome med følgjande merknader:

Vegforum Øst-Vest vil, i likskap med Statens Vegvesen, understreke at **ny vegtrasé for E134 Vågsli – Seljestad** er viktig for å styrke E134 som det framtidige hovudsambandet mellom Austlandet og Vestlandet. Vidare vil Vegforum Øst-Vest peike på at ny vegtrasé vil gje ein monaleg reduksjon i kjørelengda, betre stigningstilhøve, auka trafikktryggleik, auka framkomst ved dårlege vêrforhold, samstundes som trafikken vert flytta ut frå tettstaden, Røldal.

Vegforum Øst-Vest er samd med framlegget frå Statens Vegvesen til tunnelloysing for strekninga frå Seljestad til Røldal. Med dei ustabile vêrforhold på dei opne fjellstrekningane på Haukelifjell, karakterisert ved hyppig kolonnekjøyring og stengte vegar, kan Vegforum Øst-Vest vanskeleg sjå at det kan etablerast eit vintersikker aust-vestsamband utan bygging av ein «lang» Haukelitunnel (frå Røldal til Vågsli). Sjølv med dei endra premisser for planarbeidet for E134 Vågsli – Seljestad, som vart gjort av Samferdselsdepartementet i januar 2016, med siktemål å betra trafikktryggleiken vinterstid, meiner Vegforum Øst-Vest at det framleis knyter seg mykje uvisse kring dei opne fjellstrekningane som framleis står att. Vegforum Øst-Vest har difor vanskeleg for å sjå at desse planane kan gje eit vintersikkert samband i framtida.

Styreleiar:	Nestleiar:	Styremedlem:	Styremedlem:	Styremedlem:	Styremedlem:
Svein Sem	Nicolai Østhus	Halvor Grene	Asbjørn Gardsjord	Arne Skogheim	Asbjørn Espeset
Heddalsvn. 590	Asparhaug 20	Skavangerveien 38	Neslandsvegen 223	Utgardsvegen 152	Hamrane 30
3677 Notodden	5563 Førresfjorden	3617 Kongsberg	3864 Rauland	3895 Edland	5563 Førresfjorden
Mob.: 902 83 121	Mob.: 982 56 350	Mob.: 970 56 029	Mob.: 909 87 8 28	Mob.: 951 20 107	Mob.: 909 91 973

Vegforum Øst-Vest meiner at det snarast råd må takast naudsynte formelle grep med siktemål å få vurdert alternativet med lang tunnel frå Røldal til Vågsli. Forutan at lang tunnel vil gje ei vintersikker løysing, vil Vegforum Øst-Vest vise til at ein samanhengande tunnel vil redusere det høgste punktet på vegen med rundt 200 meter. Etter Vegforum Øst-Vest si oppfatning vil alternativet med lang tunnel representere eit nasjonalt miljøløft ved at biltrafikken vert teken bort frå eit sårbart fjellområde. I denne forbindelse vil vi vise til dei internasjonale lovnader Noreg har gjeve for å sikre villreinstammen.

Vegforum Øst-Vest vil vidare peike på at etablering av armen mot Bergen vil medføre ei tilnærma dobling av aust-vesttrafikken på E134. Sjølv om Regjeringa, stikk i strid med Statens Vegvesen sine krystallklare tilrådingar, førebels har sett ein stoppar for vidare utgreiingar av armen, er Vegforum Øst-Vest overtydd om at armen vil koma i framtida. Vegforum Øst-Vest vil då også understreke at armen mot Bergen ikkje er nokon illusjon då viktige delar av armen allereie er realisert (Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen).

Vegforum Øst-Vest vil også vise til at Statens Vegvesen har høge ambisjonar for utvikling av E134, jamfør vedlegg 3 til Nasjonal transportplan 2018-2029 (*Faglig grunnlag for motorvegplan* av februar 2016). Av motorvegplanen framgår at Statens vegvesen har føresett firefelts veg og 110 km/t frå Austlandet ved kryss E6 ved Vassum (inkl. kryssing av Oslofjorden) til E134 og ei vidareføring av E134 vestover til Hokksund, Kongsberg og Notodden. Vidare har Statens Vegvesen føresett firefeltsveg og 110 km/t frå Haugesund til Jøsandal. Desse føresetnadene illustrer E134 sitt store potensial som aust-vestsamband i framtida.

Konklusjon.

For å sikre at målsettinga om etablering av eit vintersikkert vegsamband mellom Austlandet og Vestlandet vert oppfylt, meiner Vegforum Øst-Vest at det i det vidare planarbeidet for E134 Vågsli – Seljestad må takast naudsynte formelle grep med siktemål å få vurdert alternativet med lang tunnel frå Røldal til Vågsli, herunder naudsynte endringar i premissene for det vidare planarbeidet.

Med helsing
VEGFORUM ØST-VEST



Svein Sem
Styreleiar

Kopi til:

SD, Stortingets transport- og kommunikasjonskomité, SVV, aviser i Telemark, Hordaland, Rogaland og Buskerud, m.fl.